



NR 4, 2019 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 87. ÅRG



Foto: Arne Ueland

## I dette nummeret kan du lese om:

- Ei krubbe for vår tid
- Folkekyrkja står sterkt
- Spørjeundersøking i Lavik
- Bokmysteriet i Madonnaen
- Nytt frå kyrkjeverja
- Trusopplæringstiltak

*God jul!*

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. I redaksjonen: Bjørnar Otterstein og Andreas Ester  
Layout: Bjørnar Otterstein

## Pengegaver vert mottekne med takk!

**Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 110089**

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

## Kristen jul – den fremste klimahøgtida

Det høyrer med til barnelærdommen at Jesus vart menneske. Det er difor vi feirar jul. Gud kom til jorda, men når vi seier jorda, betyr det at Gud vedkjente seg naturen – ikkje berre det å vere menneske. Paulus skriv om Jesus at ALT er skapt ved han og til han. Og at ved han ville Gud forsone ALLE TING med seg, det som er i himmelen og det som er på jorda.

Finst det ei god grunngeving i Bibelen for å ta vare på naturen og for kjempe for å redusere dei klimaøydeleggjande utsleppa? Ofte vert det sagt at vi er sette til å vere gode forvaltarar over Guds skaparverk, og derfor må vi ta vare på verdiane for komande generasjonar. Dette er sjølvstøtt eit poeng.

Men meir tungtvegande er at Jesus ikkje berre vart fødd inn i menneskeslekta, men han vart fødd inn i naturen. Hans fødsel var eit Guds ja til dyr og skog og planter og alt liv som har vorte skapt gjennom millionar av år. Det er starten på ei ny skaping som skal ende i ein ny himmel og ei ny jord. Å øydeleggje den skapte, men såra naturen, er å motarbeide Guds skaparvilje og hans forsoningsgjerning.

Kristne menneske har altfor mykje hatt ein tendens til å fokusere så einseitig på det åndelege livet, at omsorga for natur, for dyr og vokstarar, for miljø og klima har kome langt i bakleksa. Men då gløymer ein at vi er alle vorte til ut frå den same skaparviljen. Og alt er skapt til og ved Kristus, og alt skal fornyast til ein ny himmel og ei ny jord.

Det var ein gamal tradisjon at småfuglane fekk nek til jul og at husdyra fekk noko ekstra godt. Og det var forbode med jakt og fiske på høgtidsdagane. Kvifor det? Kanskje fordi ein langt inne i sjela visste at Jesus kom med sin guddommelege natur ikkje berre til mennesket, men til heile skaparverket og fylte alt med sin kjærleik. Difor skal julefreden råde over alt og mellom alt levande. På denne måten er jula djupast sett den fremste klimahøgtida.

Dette perspektivet vil kunne gje nye idear til ei meningsfull julefeiring!

Geir Sørebo

[www.hoyanger.kyrkja.no](http://www.hoyanger.kyrkja.no)  
[www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/](https://www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/)  
[www.instagram.com/kyrkjai/](https://www.instagram.com/kyrkjai/)

### Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4, Pb. 159  
6991 Høyanger  
Telefon: 57 71 41 00  
[post@hoyanger.kyrkja.no](mailto:post@hoyanger.kyrkja.no)

### Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
Telefon: 57 71 41 00  
[post@hoyanger.kyrkja.no](mailto:post@hoyanger.kyrkja.no)

### Kontorsekretær: Katarina Vattekar

Telefon privat: 97 58 96 55  
[katarina.maria.vattekar@hoyanger.kyrkja.no](mailto:katarina.maria.vattekar@hoyanger.kyrkja.no)

### Prost: Reidar Knapstad

Kyrkjevegen 23, 6809 Førde  
Telefon kontor: 57 82 81 80  
Direkte innval kontor: 57 82 81 83  
Mobil: 97 56 82 20  
E-post: [reidar.knapstad@fordekyrkje.no](mailto:reidar.knapstad@fordekyrkje.no)

### Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik (Vikar)  
Mobil: 45 22 17 37  
E-post: [andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no](mailto:andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no)

### Sokneprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal (Vikar)  
Mobil: 957 29 172  
E-post: [god-s@online.no](mailto:god-s@online.no)

### Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik  
Mobil: 92 2409 66  
E-post: [toril.lange@eninvest.net](mailto:toril.lange@eninvest.net)

### Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger  
Telefon privat: 57 71 32 23  
Telefon kontor: 57 71 41 00  
Mobil: 91 76 38 03  
E-post: [bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no](mailto:bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no)

### Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger  
Mobil: 94 18 67 09  
E-post: [gerda.otterstein@gmail.com](mailto:gerda.otterstein@gmail.com)

### Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02  
Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45  
Lavik: Tonje Førde Systad 40 84 68 75  
B og O: Sissel Sørebo 91 68 93 81

### Leiar kyrkjeleg fellesråd:

### Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97  
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77  
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77  
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21  
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12  
Audun Engedal tlf. 41 56 36 28  
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 01 27  
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**

## Ei krubbe for vår tid *Av fungerande biskop, domprost Gudmund Waaler*

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.



Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då. Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag?

Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne.

Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss.

Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søkjer han.

Og finner du ham i krybbens hø / som hyrder så, som hyrder så, / da eier du nok til freidig å dø / og leve på, og leve på.  
(Jonas Dahl)

*Utsnitt av alterskapet i Maria-kirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger*

# Ny undersøking: Folkekyrkja står sterkt



Kyrkjerådet si undersøking viser at 87 prosent av kyrkja sine medlemmer har besøkt kyrkja siste året. Halvparten oppgjev at dei har besøkt kyrkja mellom to og fem gonger siste år. Folkekyrkja står framleis sterkt, konkluderer leiar i kyrkjerådet, Kristin Gunleiksrud Raaum.

Dei aller fleste har besøkt ein gravplass eller vore i ei gravferd, men også kulturarrangement, dåpsegudsteneste, konfirmasjon og julaftansgudsteneste er grunnar som ofte blir oppgitt for å søkje til kyrkja. Særleg er den lokale kyrkja og kyrkjelege handlingar viktige for en stor del av medlemmene, sier Gunleiksrud Raaum.

Undersøkinga viser at 18 prosent av medlemmene har vore på gudsteneste i kyrkja utan at det var i samband med dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd eller julaftan det siste året. I løpet av året har 13 prosent kun hatt eitt kyrkjebesøk, medan 9 prosent har gått i kyrkja oftare enn ein gong i månaden. Funna i undersøkinga viser også at tre av ti av kyrkja sine medlemmer opplyser at dei trur på Gud.

– Alle medlemmer er like mykje verdt. Det er eit viktig fundament i folkekyrkja. Folkekyrkja skal være for alle som vil være med, og dåpen er medlemsprovet. Så er det alltid ei utfordring for kyrkja å være relevant for vanlege folk sine liv på ein slik måte at både tvil og tru har ein stad å kome til, sier direktør i Kyrkjerådet, Ingrid Vad Nilsen.

Halvparten av kyrkja sine medlemmer synes det er viktig at unge lærer dei kristne forteljingane. Like mange ber til Gud, og tre av fire meiner det er viktig at kyrkjebygga vert vedlikehaldne. Samtidig har dei fleste medlemmene besøkt kyrkja siste år, viser Den norske kyrkja si medlemsundersøking.

(Foto: Bo Mathisen)

## Sterkt tilstades i møte med sorg

Undersøkinga viser at så mykje som 64 prosent av medlemmer i Den norske kyrkja har besøkt ein kyrkjegard eller gravplass siste året. I tillegg har 51 prosent vore i ei kyrkjeleg gravferd.

– Vi ser ofte at kyrkja er den staden folk opplever at dei kan kome når dei er råka av sorg eller krise. Rommet tek imot dei, det er nokon å snakke med, ein kan tenne lys. Sorga blir ikke borte, men kyrkja rommar sorga.

Kyrkjerådsleiaren meiner at kyrkja er sterkt og viktig tilstades i folks sine liv, særleg når det handlar om sorg og død: – Prestar og diakonar er gode til å møte mennesker i tøffe situasjonar, og både ritual, samtalar og sjelesorg er viktige tilbod for menneske som treng det, seier Gunleiksrud Raaum.

## Vil at kyrkjene skal vedlikehaldast

76 prosent av kyrkja sine medlemmer synes det er viktig at kyrkjebygga blir vedlikehaldne av kommunen dei bur i. Denne oppfatninga står også sterkt i gruppa som opplyser at dei sjeldan eller aldri går i kyrkja: også halvparten av dei meiner det er viktig at kyrkjene blir vedlikehaldne. Av medlemmene som opplyser at dei ofte går i kyrkja mener ni av ti at det er viktig at kommunen vedlikeheld kyrkjebygga. – Tala tyder på at kyrkjebygga er svært viktige for medlemmene i Den norske kyrkja, sier Gunleiksrud Raaum.

– Kyrkjebygg er for mange ein stad for tru og tilhørsle, og særleg betyr det mykje at slekta er døpte, konfirmerte, vigde og gravlagde der. Eg trur kyrkjebygget av mange vert rekna som staden der trua lever, og at ein har hatt tilhøyre til bygget langt attende i tid, sier Gunleiksrud Raaum.

### **Viktig at unge lærer kristne forteljingar**

Over halvparten av dei spurde svarar at dei synes det er viktig at unge skal lære dei kristne forteljingane. 28 prosent av dei som opplyser at dei er avvisande til kristen tru er heilt eller delvis samde i at dette er viktig, medan 82 prosent av gruppa som sier dei trur, er samd i at unge bør lære dei kristne forteljingane.

– *Kva seier desse tala om den posisjonen dei kristne forteljingane har i dagens samfunn?*

– Det er mitt inntrykk at veldig mange er opptekne av at ein må kjenne til dei bibelske forteljingane og anna forteljingsstoff, og at dei står sentralt i den kristne tradisjonen. Jens Bjørneboe sa ein gong at «Tek du bibelforteljingane frå eit menneske, tek du halve barndomen hans frå han.» Det er nok ikke heilt slik lenger, men forteljingane er framleis viktige. Vi må syte for at barn og unge i dag framleis får møte dette fantastiske forteljingsstoffet, sier Gunleiksrud Raaum.

Berre i underkant av ein fjerdedel av respondentane ynskjer sjølve å lære meir om kristendomen og bibelforteljingane, men i gruppa som seier at dei trur på Gud og brukar kyrkja fleire gonger i året, ynskjer halvparten å lære meir. Undersøkinga viser også at halvparten av kyrkja sine medlemmer svarar at dei ber til Gud.

### **Bidreg positivt inn i samfunnet**

58 prosent av dei spurde meiner Den norske kyrkja bidreg positivt inn i samfunnet, og ein like stor del meiner kyrkja forvaltar den kristne kulturarven på ein god måte. Ein tredel av dei som seier at dei ikkje trur, og sjeldan oppsøker kyrkja, meiner likevel at Den norske kyrkja bidreg positivt inn i samfunnet.

41 prosent av dei spurde meiner at deira kyrkjelyd har ein viktig posisjon i lokalsamfunnet. 18 prosent av dei som sjeldan søker til kyrkja, og er avvisande til kristen tru, mener også dette. Men mellom dei som brukar kyrkja ofte og seier at dei trur på Gud, meiner 67 prosent at kyrkjelyden har ein viktig posisjon i lokalsamfunnet.

**Åtte av ti vil døype** Åtte av ti svarar at dei ville døypt barnet sitt, dersom dei fekk eit barn no. – Dåpen har ein sterk posisjon og lang tradisjon i vårt samfunn. Den er ein viktig livsrite som stadfestar og takkar for det nye livet. Men for mange er det også noko større enn det – dei vel å leggje barnet i Guds hand, seier preses Helga Haugland Byfuglien.

### **Brei undersøking**

Medlemsundersøkinga er gjort på oppdrag frå Kyrkjerådet, og er utført av markedsanalysebyrået Opinion. I undersøkinga har 3016 respondentar frå 15 år utgjort eit representativt utval av Den norske kyrkja sin medlemsmasse. Undersøkinga omfatta tema som medlemene sitt tilhøve til kyrkja, om tru og bøn, syn på aktuelle samfunnsspørsmål, og også om dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.



Kommunikasjonsdirektør Ingeborg Dyving

# Kva tenkjer folk flest om kyrkja?

## Spørjeundersøking i Lavik sokn.

Våren 2019 tok soknerådet i Lavik initiativ til å gjennomføre ei spørjeundersøking i bygda. Det var mellom anna på grunn av bispevisitasen, og for å kunne ta gode strategiske val vidare. Vi ville få ekte, realistiske svar på ein del spørsmål frå dei:

- Kva tenkjer folk egentleg om arbeidet som blir gjort i kyrkja av tilsette og friviljuge?
- Om gudsteneste, trusopplæring, kyrkjemusikk, diakoni, informasjon og alt anna?
- Og kan vi bli betre på ting?


Det var stort engasjement frå mange i soknerådet allereie i førebuinga av undersøkinga. Vi tok i bruk eit profesjonelt spørjeskjema og Geir Sørebo tilpassa dette etter våre forhold. Stor takk til han – og til Gunnbjørg Friis som jobba med evalueringa! I alt vart det stilt 40 spørsmål fordelt på sju bolkar. Det var moegeleg å delta på papir og på nett.

Det var jo spennande å sjå kor mange som i det heile tatt ville svare. Og resultatet var: Det kom inn ein heil masse svar! 51 av i underkant av 400 medlemmer i Lavik sokn som kunne svart. Og svara kom med ei brei aldersspreiing. Dette var veldig bra respons, slik at vi verkeleg kan sei: folk i bygda og i kyrkjelyden har gjeve oss eit grunnlag for å evaluere og tenkje framover.

Kva er så resultatet? Viktigast av alt: Kyrkja står fortsatt sterkt i lokalsamfunnet. Folk i Lavik er tydeleg godt nøgde med alt arbeid kyrkja gjer i bygda. Dei set stort pris på det. Dette er absolutt verdt å ta innover seg og ein stor motivasjon for alle å halde fram med det vi allereie gjer.

Dette bladet Helgestunder for eksempel, og alt informasjonsarbeid fekk «terningkast 6» av dei fleste, dei seier at det er veldig viktig for dei.

(Vi spurde ikkje om terningkast, egentleg, men å gradere mellom 0 og 5 og det er jo i praksis det same.) Som eksempel trykkjer vi den grafiske oversikta her.



Alt som skjer i trusopplæringa for born og unge, er veldig bra, synes dei aller fleste. Det same gjeld det som kyrkja gjer for eldre, i sorg og kriser, og i samband med gravferd.

Eit stort fleirtal synes Gudstenesta er relevant og inspirerande, dei kjenner seg godt tekne imot i kyrkja.

Men det er også ein del ting kyrkja kunne bli betre på. Mange ynskjer seg:

- Enno fleire arrangement for born og unge,
- Tilbod i kyrkja for folk «midt i livet»,
- Rom for samtale om trua og eksistensielle spørsmål,
- Fornying av gudstenesta, for eksempel fleire som er aktive der,
- Fleire konsertar i kyrkja.
- Og ganske mange seier at dei kunne tenkje seg å engasjere seg i kyrkja.

Soknerådet er veldig glade for responsen som kom. Vi vil fortsetje med alt arbeid folk synes allereie er bra i kyrkja i Lavik og jobbe kontinuerleg med å bli betre på det folk påpeikar som kunne vorte betre. I rapporten som vart skriven for biskopen i forkant av visitasen, formulerer soknerådet fleire nye satsingsområde som nettopp skal ta opp dei punkt som er nemnde ovanfor.

Andreas Ester sokneprest

## Takk til Runar



Foto: Audun Digranes

Etter 7 innholdsrike år sluttar Runar Matsui-Li som sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø sokn ved årsskiftet, og tek til som prostiprest i Sunnfjord prosti. Det vil by på nye oppgåver og nye utfordringar etter mange år i same stillinga.

Runar har vore verdifull for sokna, lokalbefolkninga og kommunen då han har vore stabil her i mange år. Han har vore som god støtte for mange her både i glede og i tunge og sorgfulle stunder.

Runar er ein folkeleg person som dei fleste kjenner, og han har valt å slå seg ned i kommunen. Han budde først i Høyanger nokre år før han og familien valde å slå seg ned på Kyrkjebø og kjøpte hus der då ordninga med prestebustad vart endra. Som soknerådsleiarar vart vi kanskje litt ekstra godt kjende med Runar. Det var alltid noko som skulle diskuterast og planleggast. Han møtte som medlem i

sokneråda, og der var det ofte gode diskusjonar om mange tema.

Runar har vore engasjert og gjort ein god innsats med konfirmantane, og dei har hatt mange fine samlingar i lag. Han la også inn ein stor innsats for arbeidet i småbarnstreffa om tysdagane på bedehuset i Høyanger, med grilling om sommaren og juleverkstad og julefest i desember.

Nye sokneråd vart valde i haust og tok til å fungere 1. oktober. Som avtroppande soknerådsleiarar vil vi på vegne av dei tidlegare og dei nyvalde sokneråda takke Runar for åra hans som sokneprest i Høyanger. Vi ønskjer han lukke til i den nye jobben, og sist men ikkje minst, ønskjer vi han hjarteleg velkomen om han skulle kome attende som prest i Høyanger.

Audun Digranes og Marte Igelkjøn

# Bokmysteriet i Madonnaen frå Kyrkjebø



**POPULÆRVITENSKAP: Den vakre madonnafiguren frå Kyrkjebø i Sogn skal no visast for eit europeisk publikum. Men kva er eigentleg historia hennar? Kan fragment frå eit middelalderhandskrift, festa på innsida av den innhole kroppen, fortelje noko om madonnaen sitt opphav? Åslaug Ommundsen, PROFESSOR I KLASSISKE FAG, UIB. PUBLISERT søndag 10. november 2019 - 04:30**

Madonnaen frå Kyrkjebø i Sogn er ein av Universitetsmuseet i Bergen sine vakraste madonnafigurar. Den er datert til midten av 1200-talet, og kom frå Kyrkjebø til Bergen Museum på 1800-tallet. I desse dagar er madonnaen i Utrecht for å bli presentert for eit europeisk publikum i Museum Catharijneconvent.

I Utrecht vil madonnaen stå i utsøkt selskap blant norske og spanske skulpturar og altertavler som daterer attende til 1100-1350. Dei står som representantar for ein kyrkjekunst som har vore overalt, men som no i stor grad er gått tapt. I avsidesliggjande soknekyrkjer i Europas nordlege og sørlege ytterkant, skjerna av fjell og fjordar, har gjenstandar overlevd som i meir sentrale strøk er blitt øydelagde eller bytta ut.



Utstillinga var også eit høve til å sjå nærare på madonnaen sin fysiske tilstand, og lære meir om madonnaen si historie. Og det inkluderte et bokmysterium. Madonnaen frå Kyrkjebø i Sogn kan daterast til seint 1200-tal, og kom frå Kyrkjebø til Bergens Museum på 1800-talet. (Foto: Anne-Sophie Ofrim / CC BY SA 2.0 / Wikimedia commons)

## *Meir enn eit vakkert ytre*

Mariaskulpturane frå norske middelalderkyrkjer bær vitnemål om eit samfunn der helgenane stod sterkt både i Gudsdyrkinga og i folk sine liv. Og alle vart ikkje kasta ut ved Reformasjonen: Kyrkjebø-madonnaen vakta over kyrkjegjengarar i Sogn heilt fram til 1800-talet. Himmelsk, men også menneskeleg og jordisk. Og, i si fysiske framstilling, forgjengeleg.

Då Kyrkjebø-madonnaen vart konservert første gong for fleire tiår sidan fann ein tre fragment frå eit middelalderhandskrift som var brukt som tettingsmateriale på innsida av den innhole kroppen, festa i nærleiken av armholene. Truleg kan dei ha blitt brukt til å tette hol som har oppstått som ein del av formingsprosessen. Kva bok fragmenta kunne vere frå, vart den gong ikkje klart identifisert. I samband med årets utstilling var det ynskeleg å få vite meir om dei tre

bokfragmenta som tidlegare hadde blitt henta fram frå madonnaens indre. Kva bok var dei frå, og kunne dei fortelje noko meir om madonnaen sitt opphav?

## Hjelp frå England

I februar 2019 fekk Universitetet i Bergen besøk av den engelske paleografen Michael Gullick, noko som var eit høve til å få fragmenta undersøkt nærare. Dette vart gjort i samarbeid med professor Justin Kroesen, professor Åslaug Ommundsen og malerikonservator Alexandra Böhme ved konserveringsseksjonen ved Universitets-museet i Bergen.

Det viste seg at dei tre fragmenta kunne puslast saman til en L-forma bit frå same blad, 9,5 cm høg. Pergament, som er bearbeidde dyrehuder, tåler store påkjenningar, men her var teksten fleire stader delvis utviska etter tøff handsaming. UV-lys henta fram fleire av pigmenta og gjorde teksten meir lesbar: det viste seg at dei tre bitane var frå ei messebok med lesetekstar og bønner til feiring av messa tirsdagen før palmesøndag.

Ein handfull var nok til å identifisere Evangelieteksten frå evangelisten Johannes: Jesu brødre oppmodar han til å reise frå Galilea til Judea for å vise seg for verda, «**For ingen gjer noko i det skjulte når han sjølv søker å være allment kjend.**» (Johs. 7,1-4)

Motsett side inneheld to bønner, mellom anna ei velsignande bøn for folket (Oratio super populum) som vart brukt under avslutninga av messa i fastetida: «**Vi ber deg, Herre, lat oss framleis lydig fylje din vilje, slik at folket som tener deg vil halde fram med å auke i tal og fortene alle våre dagar.**»

Både teksten og bønna har lege stille, i det skjulte, på innsida av madonnaen i hundrevis av år. Fragmenta vart studerte grundig for å setje dei rett saman, og få fram teksten.




(Foto: Åslaug Ommundsen)

## Fransk bok, fransk dame?

Fordi så lite er att av boka, er det vanskeleg å gje sikre svar på når og kvar boka vart skriven. Stil og bokstavformer peikar i retning av nord-Frankrike på siste halvdel av 1100-talet, som eit noko usikkert forslag. Betyr det at Kyrkjebø-madonnaen kan ha blitt til i nord-Frankrike? Eller har den vorte laga i Norge av nokon som hadde eit hundre år gammelt nord-fransk missale for handa? Begge deler er mogeleg.

På grunn av middelalderens internasjonale kontaktnett var nordfranske missaler ikkje noko uvanleg syn i middelalderens Norge. At franske middelalderhandskrifter fann vegen til Norge er fullt ut stadfesta, ikkje berre av den store fragmentsamlinga i Riksarkivet, men og av Spesialsamlinga i Bergen si eiga fragment-samling.



Dei tre bokfragmenta funne på innsida av Kyrkjebø-madonnaen. Restane av den faste innleiinga til evanglielesninga, «In diebus illis» (eller «In illo tempore») og ordet «IOHANNEM» er synleg i raudt på øvste linje, til høgre. (Foto: Åslaug Ommundsen)

Boka har truleg vore nærare 28-30 centimeter høg og 21-22 centimeter breid, med teksten fordelt på to kolonner. Raudt pigment har vore brukt på rubrikkar og markerte forbokstavar, såkalla initialar.

## Utstilling i Utrecht

Madonnaen frå Kyrkjebø er for tida i Utrecht for å bli presentert for eit europeisk publikum i [Museum Catharijneconvent](#), i utstillinga *North & South: European masterpieces reunited*.

Utstillinga er åpen frå 25. oktober 2019 til 26. januar 2020.

Dei tre fragmenta er ikkje med til utstillinga i Utrecht, men ligg att i konserveringspermen på Universitetsmuseet i Bergen. Det som gjer desse spesielle i høve til mange andre bokfragment i arkiv og samlingar, er at dei har vore på same stad sidan 1200-talet, og følgt madonnaen si reise til Sogn, anten den var kort eller lang. Kanskje inneheld fragmenta meir enn tekst, -kanskje også ein del av løysinga på mysteriet om Madonnaen sitt opphav?

## Nytt frå kyrkjeverja

### Det nye kyrkjelege fellesrådet består av representantar frå:

**Høyanger sokn:** Medlem May-Wenche Fossmark, varamedlem Veronica Vågen.  
Vidar Myren, varamedlem Lars Petter Amundrud.

**Kyrkjebø sokn:** Medlem Sturla Bell Fossen, varamedlem Ellinor Henjesand Austreim.  
Medlem Kari Henny Dale, varamedlem Aud Kjersti Haugen.

**Lavik sokn:** Medlem Tonje Førde Systad, varamedlem Rolf Aamot.  
Medlem Torunn Styve, varamedlem Monica Sunde Tjønnås.

**Bjordal og Ortnevik sokn:** Medlem Sissel Sørebo, varamedlem Alf Magnar Svartemyr.  
Medlem Kenneth Førde, varamedlem Ingunn Østerbo.

**Geistleg representant:** Medlem Andreas Ester, varamedlem Geir Sørebo

**Kommunal representant:** Medlem Frode Merkesvik, varamedlem Torill Bjørkum

**Fellesrådet skal konstituerast i møtet den 28.11.2019. Det vert då vald leiar og nestleiar.**

### **Høyanger bedehus**

Det pågår no samtalar mellom Høyanger Indremisjon/Sogn og Fjordane Indremisjon og Høyanger Kyrkjelege Fellesråd/Høyanger Sokneråd om framtida til Høyanger Bedehus.

Dersom vi blir samde om vilkåra, kan det bli aktuelt at vi overtek bedehuset til bruk som kyrkjelydshus. Det vil då vere avhengig av at Høyanger kommune ser vårt behov for eit kyrkjelydshus, og set oss økonomisk i stand til å få utført nødvendig opprustning av bygget.

### **Endring av festeforhold**

Når nokon dør, må dødsbuet eller pårørande gje melding til kyrkjekontoret kven som skal overta ansvaret for dei graver avdøde var festar for. Dette må gjerast skriftleg. Vi utarbeider skjema som skal nyttast i slike høve, for å sikre at formelle krav blir ivaretekne ved endring av festeforhold.

### **Gravstellavtalar**

Vi har i mange år hatt ei ordning med årleg gravstell, der arbeidet vert utført av gartnerfirma. Som alternativ til årleg fakturering i ettertid, har festar hatt høve til i staden å betale inn ein rund sum til gravfond, som vi deretter belastar for stell eit visst antal år, til fondet er tomt. Fleire og fleire fellesråd går no vekk frå ordninga med gravfond, og også vi kjem gradvis til å avvikle denne ordninga etterkvart som midlane vert brukte opp. Det betyr at vi ein gong i framtida berre kjem til å ha årlege stellavtalar, med forskotsbetaling.

### **Kutt i vår budsjettsøknad for 2020**

Høyanger kyrkjelege fellesråd søkte om ei kommunal løyving på kr. 4 220 000, ein auke på 1%. I forhandlingane møtte vi same krav til nedskjæringar som andre etatar. Etter å ha kutta tilsaman 186 000 på budsjettet for 2020, søkte vi om same tilskot i 2020 som i 2019: kr. 4 175 000. Det er lagt inn i kommunen sin budsjett og økonomiplan, og vil forhåpentleg bli vedteke i kommunestyret.

## BABETTES GJESTEBOD



### Skodespelar Ragnhild Gudbrandsen i rolla som Babette

Vi hadde besøk av dette teaterstykket i Høyanger kyrkje 1. november i år. 30 personar hadde funne vegen dit. Det hadde vore flott om fleire fekk sett det!

Babettes gjestebod er lagt til ein historisk samanheng, i dette tilfellet byrjinga av 1870-åra. Forteljninga går føre seg i Berlevåg, der ei fransk kvinne har søkt tilflukt etter oppstanden i Paris-kommunen. Kvinna heiter Babette, og forteljninga handlar om hennar skjebne, og om lokal-miljøet. Babette har tidlegare vore ein høgt verdsett gourmetkøkk, men i det vesle samfunnet kjenner ingen hennar historie, og ho forsørjer seg som hushalderske for eit par eldre søstre.

Etter mange år i stillinga skjer det mirakuløse at ho vinn 10.000 franc på ein gamal lotteri-seddel. Samtidig med dette nærmar 100-års-minnedagen for den avdøde prostten seg. Babette bestemmer seg for å lage ein overdådig middag på minnedagen, noko ho i si takksemnd håpar å vinne gjestane sin kjærleik og respekt med.

Men middagsgjestane er for det meste nordnorske bønder som ikkje har tradisjon eller religiøs aksept for slike kulinariske utskielisar...

Etter ein andaktsfull start som nærast har karakter av ein symbolsk nattverd, åpnar dei kulinariske nytelsane for ei ny form for aksept og innbyrdes innsikt. Tidlegare uvenskap vert forsona; forståing, lukke og forløyning spreier seg i kraft av dei himmelske kulinariske rettane!

Babettes gjestebod er eit glimrande døme på Karen Blixen sin forteljarkunst; ei historie som er basert på den gradvis oppbygde spenninga mellom det mytiske og det almenmenneskelege, som på sitt høgdepunkt vert utløynt, og går opp i ei høgare eining på ein måte som berre ein god forteljar kan gje sine lesarar!

Dramatisering/framføring: Ragnhild Gudbrandsen  
Regi: Stig Amdam  
Musikk og musikkarrangement: Nils Økland

## På gitarferd med Stig Ulv i Høyanger kyrkje



Han spelar ikkje gitar, han får den til å snakke! På nynorsk - sjølv sagt, heiter det om artisten Stig Ulv. Den 15. november hadde han instrumental konsert i Høyanger kyrkje, eit lokale han har høyrte mykje positivt om. Og etter konserten var hans attendemelding klar: «Dette er den beste kyrkja eg nokon gong har spelt i!»

Vi som var til stades fekk ein god time med flott, melodiøs og roleg musikk, ispedd ein lun, humoristisk dialog med tilhøyrarane. Her var det råd å slappe av og finne ro! Skikkeleg mental avspenning var det! Ein konsert med Stig Ulv kan tilrådest på det varmaste! Tekst og foto: Bjørnar Otterstein

# Bilete frå ulike samlingar med konfirmantane



## Trusopplæringstiltak vinteren/våren 2019/2020

### Det er planlagt tårnagentsamlingar i 4 kyrkjer.

**Lavik kyrkje:** agentsamling : **fredag 10. januar** frå 14.30 til 18.30 og tårnagentgudsteneste, **søndag 12. januar.** Gudstenesta startar kl. 11.00, medan agentane møter kl. 10.00. Alle som går i 2.- 4. klasse kan vere tårnagentar. 5.- 6. klassingar får invitasjon til å vere englevakter.

**Høyanger kyrkje:** Laurdag 8. og søndag 9. februar for 3. klasse.

**Kyrkjebø kyrkje:** Laurdag 7. og søndag 8. mars for 3.-4. klasse

Både i Høyanger og på Kyrkjebø startar agenthelga laurdag kl. 15.00. Då løyser vi oppdrag og gjer oppgåver til kl. 19.00. Søndag samlast agentane kl. 10.00 og dei vil sette sitt preg på gudstenestene kl. 11.00 som då sjølvstekt er ei tårnagentgudsteneste.

**Bjordal kyrkje:** 29. feb. og 1. mars kl. 14.00 til 18.00. for 2. -5. klasse..



## Minikonfirmant

i Lavik og i Høyanger.

I **Lavik** har ein alt hatt 4 samlingar før jul. Der vert det samlingar i kyrkja ein gong i mnd. frå rett etter skuletid og til kl. 16.30 følgjande torsdagar : **16. januar, 13. februar, 12. mars, 2. april.** I Lavik er dette eit tilbod til 4.-6. klasse.

I **Høyanger** vert minikonfirmantane presenterte på tårnagentgudstenesta søndag 9. februar. Då vert det også bibelutdeling. Minikonfirmantsamlingane vert fredagar (ikkje når det er skulefri eller fredag før feire) frå 12.30 til 14.00 . **Datoane er: 7. februar, 28. februar, 13. mars og 27. mars. 17.-19. april** er minikonfirmantweekend på Alværa for minikonfirmantar frå Solund, Gulen, Lavik, Hyllestad, Høyanger og Balestrand.

### T-dag

I Lavik vil det bli t-dagar for 1.-4. klasse og i Bjordal for 2.-5. klasse. Datoane er ikkje bestemt enno, men alle vil få invitasjon.

*Stor kreativitet på t-dagen på Sørebø 30. oktober*



*16. oktober var det t-dag for 1.-4. klasse i Lavik. Denne gongen var ein samla på Alværa. Tema var: Du er unik og elska av Gud. Det var tid for leik både ute og inne. På menyen stod pølser og pinnebrød.*

*Foto: Torunn Styve*

## På Kyrkjebakken

### Julekonsert i Ortnevik kyrkje søndag 15. desember kl. 16.00.

Kantor Gerda Otterstein har i år med seg Lavik Kantori, Knut Henning Litsheim, Keiko Matsui-Li og Ji Shixian som vil framføre både korsong, solosong og instrumental musikk. Dei lokale musikarane og songarane Anders og Eldar Brekke, Camilla og Ole Merkesvik Ådland, Solveig Østerbø m.fl. blir med også i år. Kjende og kjære julesongar, men også nye, vakre tekstar og melodiar kan inspirere oss denne adventsøndagen. Lat oss invitere naboen med i bilen, slik at vi blir mange på konserten i Ortnevik kyrkje! Hjarteleg velkommen!

**Fredagstreff i Gamlebanken** held fram kvar fredag kl. 11 også i det nye året. I samarbeid med Dagny Bjordal driftar Fuglsetfjorden bygdekvinne lag, Sørsida pensjonistlag og soknerådet dette i lag. Alle er velkomne! Serviceskyss går frå Ikjefjord kl. 10.30 og frå Søreide om lag kl. 11. Det er viktig at serviceruta blir brukt, slik at vi ikkje misser tilbodet. Sjøføren hjelper med å få varene inn i huset og gir støtte etter behov. Eigenbetaling er kr. 30,- kvar veg. Tinging skjer på telefon 48144905 innan kl. 15.00 dagen før.

### Møteplass for unge vaksne

Likar du å spele brettspel og treffe andre, kan du kontakte Kenneth Førde tlf. 95559225 og bli med i facebookgruppe som arrangerer spelkveldar i gamlebanken i Bjordal. Til vanleg blir det samlingar måndagar kl. 19-21.

### Fleire tilbod i kyrkjelyden våren 2020

Også denne våren blir det kveldsmeditasjonar i Ortnevik kyrkje og hyggjestunder på Sørsida Bygdetun. Velkommen til årsmøtet etter gudstenesta i Bjordal 9. februar kl. 16. I planane ligg det inne besøk av Lavik Kantori også i vår. I tillegg vil det bli invitert til ein kyrkjelydskveld med variert program på Massnes Villmarksmuseum. Følg med på plakatar og på nettet.

### Køyring til samlingane i kyrkjelyden

Treng du nokon å sitje på med for å komme til kyrkjelyden sine arrangement? Desse personane vil gjerne ta deg med i bilen når det høver for dei: Ann Iren Østerbø tlf. 47861872, Mari-Ann Lund Fridtun tlf. 91798311/57710546, Alf Magnar Svartemyr tlf. 46924792, Bjørn Rørtveit tlf. 57710153, Roald Jensen tlf. 95223286 og Arne og Ingunn Østerbø tlf. 90920181. Det er hyggjeleg å vere fleire i bilen, og det er ressursparande å køyre i lag. Ta gjerne kontakt dagen før. Velkommen til kyrkje, til gudstenester lagt til andre stader, til andaktar og hyggjestunder på Sørsida Bygdetun, til konsertar og kyrkjelydsamlingar elles! No håpar vi at mange også frå Bjordal og Ikjefjord tek turen til konsert i adventstida i Ortnevik kyrkje. Sei i frå i god tid, så ordnar vi skyss! B & O sokneråd

### Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 11. januar 2020 kl. 10-16

Det har blitt ein tradisjon å byrje året med inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Alværa har vore ein viktig leirstad i nærare 40 år, og vi trur den vil ha mykje å seie for kyrkjelydane også framover. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. I år vil det bli fleire korte innleiingar ved Toril Lange, Geir Sørebo, Svanhild Ask, Sissel Sørebo, Helle Kartveit og Hald-studentane Hasa og Marina frå Madagaskar. Kva er det som kjenneteiknar eit liv i tru? Korleis kan bøn og bibel bli ein styrke i kvardagen? Korleis kan vi tene Gud der vi bur, og samarbeide med gode krefter i lokalsamfunnet? Korleis kan det globale perspektivet kome inn, og korleis kan vi oppmuntre kvarandre til å leve enklare og ta vare på skaparverket? Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste leia av vikarprest Geir Sørebo og muskar Ole Agnar Helland. Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf. 48990661. Programmet vil bli lagt ut på facebook i desember. Alle er hjarteleg velkomne! Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn

## DET SKJER PÅ ALVÆRA



**Oversikt over arrangement: Følg med på Alværa si facebookside.**

- 10. - 12. januar:** Leiarhelg frå 9. klasse og eldre.
- 11. januar:** Kyrkje-og misjonsdag
- 14. - 16. februar:** Vinterleir for 2.-7. klasse. Meir info kjem på [nmsu.no/kalender](http://nmsu.no/kalender)
- 6. - 8. mars:** Mariahelg
- 07. juni:** Alværastemnet . Set av datoen alt no,
- 12. - 14. juni:** Familieleir

**Dessutan er det fellesdugnad på føremiddagstid ca. 1 gong i månaden.**



6. – 8. mars arrangerer NMS Mariahelg på Alværa for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme i lag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen, og ikkje minst nyte god mat . Tema for helga vert «**Livsvandringa og trua**» - korleis påverkar livsvandringa trua vår? Dei som skal lose oss gjennom temaet vert: Sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen.

Spørsmål om helga/program -ta kontakt med Bente Rauboti Haukeland, tlf. 916 92 908, e-post [bente.rauboti.haukeland@gmail.com](mailto:bente.rauboti.haukeland@gmail.com)

# I GLEDE OG SORG

## DØYPTTE

### Høyanger kyrkje

17.11.2019 Jonas Kalstad Breidvik

### Kyrkjebø kyrkje

03.11.2019 Sofie Ying Ekra Høyvik

### Hyllestad kyrkje

17.11.2019 Viktor Tveito



## DØDE

### Høyanger

12.11.2019 Olaf Lauritz Nesse

19.11.2019 Erling Dregelid

### Kyrkjebø

25.10.2019 Norvald Nygård

11.11.2019 Sigrun Røneid

### Lavik

19.10.2019 Oddborg Ingunn Sørestrand

*Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)*

## Gudstenester

### 24. desember Julaftan

Kl. 12:30 Vadheim v/Runar Matsui-Li  
 Kl. 14:00 Ortnevik v/Andreas Ester  
 Kl. 14:30 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li  
 Kl. 15:00 Lavik v/Toril Lange m.fl.  
 Kl. 16:00 Bjordal v/Andreas Ester  
 Kl. 16:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

### 25. desember Juledag

Kl. 12:00 Lavik v/Andreas Ester

### 26. desember 2. juledag

Kl. 12:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li  
 Kl. 14:00 Ikjefjord grendahus v/A. Ester  
 Kl. 16:00 Høyanger sjukeheim v/R. M.-L.

### 05. Januar Kristi åpenbaringsdag

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester  
 Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 12. Januar 2. søndag i åpenbaringstida

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
 Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 19. Januar 3. søndag i åpenbaringstid

Kl. 12:00 Alværa v/Andreas Ester og Toril Lange, konfirmanthelg Lavik/Sørsida  
 Kl. 17:00 Høyanger v/Andreas Ester

### 26. Januar 4. søndag i åpenbaringstida

Kl. 12:00 Alværa v/Runar Matsui-Li, konfirmanthelg for Høyanger/Kyrkjebø

### 02. Februar 5. søndag i åpenbaringstida

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
 Kl. 17:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester

### 09. Februar såmannssøndag

Kl. 11:00 Høyanger v/Andreas Ester og Toril Lange, Tårnagenthelg  
 Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 23. Februar fastelavnssøndag

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
 Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 01. Mars 1. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Bjordal v/Geir Sørebo og Toril Lange, Tårnagentar  
 Kl. 17:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li, Samtalegudsteneste

### 08. Mars 2. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester og Toril Lange, Tårnagentar  
 Kl. 17:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li  
 Samtalegudsteneste

### 15. Mars 3. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
 Kl. 16:00 Bjordal v/Andreas Ester og Toril Lange, Samtalegudsteneste

### 22. Mars Maria bodskapsdag

Kl. 17:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li  
 Samtalegudsteneste

### 29. Mars 4. søndag i fastetida

Kl. 16:00 Hyllestad v/Audun Systad, Andreas Ester og Toril Lange. Samtalegudsteneste for Lavik og Hyllestad

**NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook og på heimesida vår: [www.hoyanger.kyrkja.no](http://www.hoyanger.kyrkja.no)**

## Andre arrangement:

**11.12.** Kl. 19.00 Konsert med Chris Medina i Høyanger kyrkje

**14.12.** Kl. 17.00 Julekonsert med FML i Høyanger kyrkje

**15.12.** Kl. 16.00 Julekonsert i Ortnevik kyrkje

**15.12.** Kl. 17.00 Julekonsert md KUL koret i Kyrkjebø kyrkje

**17.12.** Kl.17.00 Kulturarrangement i Høyanger kyrkje, med Høyanger skule

**22.12.** Kl. 18:00 Julekonsert i Lavik kyrkje med Fjordbrass og Lavik Kantori

**18.01. 2020** Nyttårskonsert i Lavik kyrkje, Fjordklang og Brekke mannskor kl. 16:00. Inntekta går til inntekt for kreftarbeid blant barn.

**19.01. 2020** Fjordbrass sin basar på Lavik skule kl. 14:30.

**INFORMASJON** Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger**PROSESJONSKROSS TIL VADHEIM BEDEHUSKAPELL, LAGA AV GEORG HOVLAND**

Til gudstenesta 29. september 2019 fekk kyrkjelyden overrekt ein flott prosesjonskross som Georg Hovland har laga til Vadheim Bedehuskapell. Frå tidlegare har han også laga lysgloben vi ser på biletet. Dette er svært kjære gåver til kyrkjelyden!

**KYRKJEBØ SOKNERÅD TAKKAR!**